



Innkalling

Arbeidsgruppa i Ryfylke vassområde

Tid: 04.06.19 kl. 10.00-13.30

Sted: Kommunehuset på Jørpeland

Sakliste

- 11/19 Orienteringssaker
- 12/19 Status for arbeidet, kva skjer i kommunane?
- 13/19 «Høring av forslag til planprogram og hovedutfordringer»
- 14/19 Overvåking i Ryfylke vassområde i neste planperiode
- 15/19 Planlegging av møte med vassområdeutvalet 4.september
- 16/19 Synfaring av Strandåna
- 17/19 Eventuelt

Det blir enkel lunsj. Fint om du gir beskjed om eventuell matallergi.

Med vennleg helsing

Jarle Lunde

Koordinator Ryfylke vassområde

Saker

11/19 Orienteringssaker

- Ryfylke vassområdeutval hadde møte 24.april. [Referat](#).
- Undersøkingar i 2019 og status for sjøaureprosjektet
- Oppdatering av vann-nett. Gjennomførte tiltak må varslast til koordinator
- Stillinga som vasskoordinator i Ryfylke. Avtalar og framtidsutsikter.

12/19 Status for arbeidet, kva skjer i kommunane?

Kvar representant orienterer.

13/19 «Høring av forslag til planprogram og hovedutfordringer»

Gjeldande regional plan for vassforvaltning med tiltaksprogram for Rogaland vassregion blei vedteke av fylkestinget i 2015, og gjeld for perioden frå og med 2016 til og med 2021.

Rogaland fylkeskommune har starta arbeidet med å revidere og oppdatere planen for ny planperiode 2022-2027. To dokument er lagt ut på høyring med frist 4. juli 2019:

[1. Planprogram for regional vannforvaltingsplan 2022 -2027. Rogaland vannregion.](#)

[2. Hovedutfordringer i Rogaland vannregion inn mot planperioden 2022-2027.](#)

Planprogrammet omtalar planprosess med fristar, deltakarar og medverknad, og inneheld også eit forslag til program for konsekvensutgreiing. I tilknytning til dokumentet om hovudutfordringar i Rogaland vassregion, er det laga bakgrunnsdokument som sumerar utfordringar og status for kvart vassområde. I Ryfylke er dette:

[3. «Hovudutfordringar i Ryfylke vassområde»](#)

(eit utkast til dette dokumentet blei drøfta på møte i arbeidsgruppa 28.januar.)

Ryfylke vassområdeutval drøfta saka i møte 24.april. Høyringsvar er vedlagt.

Arbeidsgruppa bør gi uttale i saka. Ber derfor representantane i arbeidsgruppa om innspel.

14/19 Overvaking i Ryfylke vassområde i neste planperiode

Det er dei seinare åra gjennomført kartlegging for å fastsette miljøtilstand etter vassforskrifta i ei rekke vassførekomstar i Ryfylke. Målet har vore å få tilstrekkelig med kunnskap om vasskvalitet som grunnlag for vidare forvaltning.

Jæren vassområde har i ei årrekke hatt eit overvaksingsprogram med utvalde vassførekomstar som overvakast med bestemte mellomrom. Dette er finansiert som eit spleiselag mellom kommunane

i vassområdet og statlige midlar gitt av Fylkesmannen. Kommunane dekker halvparten kostnadane etter ein fordelingsnøkkel.

Det er ønskeleg at ein i Ryfylke vassområde kan få i stand eit liknande program. Kva vassførekomstar bør prioriterast, og kva skal til for at kommunane prioritetar dette? Vedlagt er eit første utkast til prioritering av utvalde vassførekomstar.

15/19 Planlegging av møte med vassområdeutvalet 4.september

I møte i vassområdeutvalet blei det føreslått felles møte med arbeidsgruppa 4.september. Mulige tema:

- status for rullering av vassforvaltningsplanen (høyringsuttalane)
- status for arbeidet i kommunane
- evt. synfaring
- status for framande arter
- evaluering av arbeidet i Ryfylke vassområde, korleis jobbe i neste periode

Drøfting

16/19 Synfaring av Strandåna

Me ser nærare på Strandåna. (<https://vann-nett.no/portal/#/waterbody/032-55-R>)

- Tiltak for sjøaure
- Utvida gjødselskapasitet
- Lokalitet og tiltak for elvemusling
- Nordlandsvatnet, tiltak for å betre vasskvalitet.

17/19 Eventuelt

Vedlegg:

- Ryfylke vassområdeutval: Uttale - Regionalplan for vassforvaltning i vassregion Rogaland 2022-2027 - høyring av forslag til planprogram og hovudutfordringer
- Eit første utkast til prioritering av utvalde vassførekomstar for overvaking i 2021-2027



Rogaland fylkeskommune
Postboks 130 Sentrum

4001 STAVANGER

Dykkar ref.

Vår ref.
19/505-3 19/6631
Jarle Lunde

Arkivkode:

Dato:
13.05.2019

UTTALE - REGIONALPLAN FOR VASSFORVALTNING I VASSREGION ROGALAND 2022-2027 - HØYRING AV FORSLAG TIL PLANPROGRAM OG HOVUDUTFORDRINGER

Ryfylke vassområdeutval diskuterte saka i møte 24.april 2019, sak 7/19. Det blei vedteke å sende følgjande punkt som uttale:

Planprogram

1. Er det tydelig når og hvordan ulike myndigheter skal delta i planleggingen?

Planprogrammet viser på ein tilstrekkeleg måte når og korleis dei ulike myndighetene skal delta i planlegginga.

2. Er det tydelig når og hvordan ulike interessenter kan medvirke i arbeidet fram mot revidert og oppdatert forvaltningsplan og tiltaksprogram?

Planen gir ein god oversikt korleis ulike sektormyndigheter og vassområda skal involverast. Det som kjem dårlegare fram er korleis ålmenta, brukarinteresser, grunneigarar og næringsinteresser kan bidra i arbeidet med oppdatering av forvaltningsplanen. Kven skal ein planleggje og samarbeide med for å nå måla? Ein må og få fram kva kanalar ein vil nytte for å få medverknad, t.d. møter, nettsider, synfaringar.

3. Hvordan bør vi organisere arbeidet i vannregionen etter 1.1.2020?

Organisering med vasskoordinator i vassområda og er føreslått vidareført. Det er også kome signal frå Miljødirektoratet om at vassforvaltningsarbeidet vil bli prioritert.

Ryfylke vassområdeutval vil gi full støtte til at ein vidarefører ordninga med ein vassområdekoordinator. Samstundes må ein jobbe for at desse stillingane gjerast permanente, ikkje prosjektstillingar som nå. Det er urovekkande at ein pr dags dato (24.april) ikkje har avtale om koordinatorstillingar frå 2020.

Suldal kommune har sekretariat for Ryfylke Vassområde.

Postadr.: Sandsvegen 122, 4230 Sand.
Tlf: 52 79 24 35 (404 18 967)
E-post: jarle.lunde@suldal.kommune.no.
Nettside: <http://vannportalen.no/ryfylke>

I Ryfylke vassområde er vasskoordinatorstillinga i dag 50%. Det bør vere eit mål å auke denne stillingsstorleiken for å styrke arbeidet, dette sjølv om vassområdet er føreslått redusert og at det kommunale spleiselaget dermed blir noko mindre.

4. Er det behov for å justere grensene for vannområdene?

Det er viktig at: - vassområda ikkje er for store, lokal forankring er viktig - vassområda bør vere så einsarta som mogleg med tanke på påverknad og problemstillingar - vassområda har ei inndeling som gjer at kommunane så langt det lar seg gjere, unngår å vere med i fleire vassområde

Som foreslått i planprogrammet ser Ryfylke vassområdeutval det som naturleg at vassområdegrensene flyttast med bakgrunn i kommunereforma, og følgjer Stavanger kommune sin nye grense i sjø. Rennesøy og Finnøy kommunar blir dermed del av Jæren vassområde, desse har mange av dei same utfordringane og påverknadane frå intensiv jordbruk og spreidd avløp som på Jæren. Som ein konsekvens av geografien i dette, er det og naturleg at også Kvitsøy kommune blir del av Jæren vassområde. Grenseendringa er føreslått frå 2022. Ryfylke vassområdeutval meiner det er mest hensiktsmessig om endringa skjer samstundes som kommunereforma trer i kraft, altså frå 2020.

5. Er det tema eller utredninger som mangler i planprogrammet?

Ingen merknad

6. Er det mangler i det foreslåtte programmet for konsekvensutredninger for miljø og samfunn?

Ingen merknad

7. Har dere innspill om konkrete tiltak som bør vurderes og utredes, og eventuelle prioriteringer i det vidare planarbeidet?

Oppretting av "gamle synder" i vatn og vassdrag gir ei rekkje positive effektar som forbetring av biologisk mangfald, klimatilpassing, redusert forureining med meir.

Det er ønskeleg med meir fokus på konkret naturrestaurering, særleg knyt til vandringshinder, kanalisering og røyrlegging av bekkar/elver.

Det bør nemnast at 2021-2030 er FN sitt tiår for restaurering av natur.

Vassområdeutvalet ser det som positivt at det i neste planperiode vil bli lagt meir vekt på viktige samfunns- og brukarinteresser i vassforvaltninga, i tillegg til kravet i vassforskrifta om god økologisk og kjemisk vasskvalitet. Som eit resultat av dette vil det m.a. bli meir fokus på viktige tema som badekvalitet, plastforureining og effekten på vasskvaliteten av klimaendringane.

8. Er det ønskelig med en regional planbestemmelse knyttet til vannforvaltingsplanen (plan- og bygningsloven §8-5)?

Ingen merknad

9. Har dere andre kommentarar og innspill?

I revidert vassforskrift (14.01.2019) er det i §10 teke inn at mindre strenge miljømål skal revurderast ved oppdatering av planen. Dette kunne gjerne vore påpeika i planprogrammet.

Hovedutfordringer

10. *Er miljøtilstanden og påvirkningene riktig beskrevet? Finnes det data hos sektormyndigheter eller lokal/erfaringsbasert kunnskap som kan bidra til bedre situasjonsbeskrivelse?* Dokumentet omtalar dei ulike påverknadane i vassregionen og effekten desse har på vassmiljøet på ein informativ måte. Figurane i dokumentet gjev eit bilde over den samla tilstanden og den totale påverknaden i vassregionen, og gjev ingen opplysningar om den enkelte vassførekomst. Her burde det vore nytta kart som ein formidlingsmetode. Det bør informerast om at alle kan gå inn på Vann-Nett Portal for å skaffe seg opplysningar om den enkelte vassførekomst. Dette kan gjerne vere ein rammeartikkel («Korleis er miljøtilstanden i «din» vassførekomst»).

Dokumentet burde i større grad tatt føre seg tema ein høyrer om i media i forhold til vassforvaltning. Nøkkelord som til dømmе lakselus, hydrogenperoksyd og stillehavsøsters er ikkje nemnt.

Me viser elles til innspel i «Hovudutfordringar i Ryfylke vassområde».

11. *Er det tatt hensyn til alle viktige interesser? Er det viktige brukerinteresser som ikke er beskrevet?*

Ingen merknad

12. *Har dere innspill til prioriteringer i det vidare planarbeidet?*

Ingen merknad

13. *Har dere andre kommentarer og innspill?*

Ingen merknad

14. *Det er utarbeidet hovedutfordringsdokumenter for alle vannområdene i vannregionen. Disse dokumentene inngår også i høringen. De lokale dokumentene går mer i detalj med å beskrive miljøtilstand, påvirkninger, brukerinteresser, tiltaksgjennomføring m.m. Har dere kommentarer til innholdet i dokumentene for vannområdene?*

Dokumenta frå vassområda er ikkje vedlagt høyringa og er ikkje å sjå på nettsida. Dette bør ordnast på vannportalen og/eller fylkeskommunen si nettside som eit strakstiltak.

Dokumenta for vassområda burde vore fysiske vedlegg, ikkje berre ei lenke.

Vennleg helsing

Lin-Veronica Jacobsen
leiar

Jarle Lunde
vasskoordinator

Kopi til:

| | | |
|-------------------------|---------------------|-----------------|
| Bykle kommune | Sarvsvegen 14 | 4754 BYKLE |
| Finnøy kommune | Judabergvegen 6 | 4160 FINNØY |
| FNF Rogaland | | |
| Forsand kommune | Fossanvegen 380 | 4110 FORSAND |
| Fylkesmannen i Rogaland | Postboks 59 Sentrum | 4001 STAVANGER |
| Gjesdal kommune | Rettedalen 1 | 4330 ÅLGÅRD |
| Haugalandet vannområde | | |
| Hjelmeland kommune | Vågavegen 116 | 4130 HJELMELAND |
| Jæren vannområde | | |
| Kvitsøy kommune | | 4180 KVITSØY |
| Odda kommune | Opheimsgata 31 | 5750 ODDA |
| Rennesøy kommune | Postboks 24 | 4159 RENNESØY |
| Sauda kommune | Postboks 44 | 4201 SAUDA |
| Strand kommune | Postboks 115 | 4126 JØRPELAND |
| Suldal kommune | Eidsvegen 7 | 4230 SAND |
| Vindafjord kommune | Rådhusplassen 1 | 5580 ØLEN |
| Vinje kommune | Vinjevegen 192 | 3890 VINJE |



Eit første utkast til prioritering av utvalde vassførekomstar for overvaking i 2021-2027

Det må vere eigen overvaking- /handlingsplan for

- elvemuslingslokalitetane
- kalka vassdrag
- anadrome vassdrag
- regulerte vatn og vassdrag (pålegg frå Fylkesmann/Miljødir), tilstand-/fiskeundersøkingar
- anna overvaking pålagt av myndigheitene (industri, akvakultur osv)

Det bør og vere ein eigen systematisk og detaljert kartlegging av inngrep og påverknad (vandringshinder, bekkelukking, morfologisk, hydrologisk). Dette gjerast delvis i anadrom strekning i samband med sjøaureprosjektet i Rogaland.

Dei lokalitetane som er i tabellen under er då dei der kommunane er hovudansvarleg.

| Namn Id. nr Kommune | Økologisk tilstand 2019 (vann-nett) | Påverknad/ årsak | Status for overvaking | Prioritering for overvaking 2021-2027 |
|--|--|---|---|--|
| Nordelva/Åbølva 037-8-R Sauda | Godt potensial | Avløp frå spreidd busetnad (middels grad) | Tilstandsundersøking i forhold til eutrofiering/organisk belastning i 2017 ¹ . To stasjonar: 1. Espedalen-dårleg tilstand 2. Sentrum- moderat tilstand Undersøkast i 2019 | Pri 1 Anadrom |
| Svandalen 037-69-R Sauda og Etne | Moderat | Avløp frå hytter (liten). Avrenning frå beite og eng (middels). Sur nedbør (middels). | Undersøkt i 2017 ² . Botnfauna= God tilstand. Påvekstalger= Moderat tilstand | Pri 1 |

¹ [Værøy, N. og Torgersen, P. m.fl. 2017: Overvåking av innsjøer og elver i Ryfylke og Haugalandet vannområder 2017. Cowi rapport.](#)

² [Værøy, N. og Torgersen, P. m.fl. 2017: Overvåking av innsjøer og elver i Ryfylke og Haugalandet vannområder 2017. Cowi rapport.](#)

| | | | | |
|---|-----------|---|---|--|
| Bekken innover Birkeland 037-71-R Sauda | Dårleg | Avrenning frå fulldyrka, beite og eng (middels). | Undersøkt i 2017 ³ . Endra tilstand frå moderat tilstand og låg pålitelegheit til god tilstand og høg pålitelegheit. | Pri 1 |
| Sauda sentrumsnære bekkar 037-72-R Sauda | Moderat | Bekkelukking | Undersøkingar må gjennomførast for å finne tilstand for bekkelukking | - |
| Bergjord & Nerheim 036-191-R Suldal | Moderat | Avrenning frå fulldyrka mark (middels grad). Bekkelukking (liten grad). | Tilstandsundersøking i 2017 ⁴ : Botndyr= god tilstand. Påvekstalger: Moderat tilstand. | Pri 1 |
| Mosvatn 036-1872-L Suldal | God | Avløp | Nytt reinseanlegg satt i drift i 2017. Mange hytter er ikkje tilkopla. Tilstandsundersøking i 2018. | Pri 2 |
| Nattlandsvatnet 035-24205-L Suldal | Moderat | Avrenning fulldyrka mark (middels). Avløp frå spreidd busetnad (middels) | Tilstandsundersøking i 2017 ⁵ . Målingane viser at det er tot-P som trekker tilstanden ned. Elles god tilstand. | Pri 1 |
| Førreåna nedre 035-59-R Hjelmeland | Moderat | Hydrologiske endringar utan minstevassføring (stor grad) | Sluttrapport for fiskeundersøkingar/miljødesign levert i 2018 (pålegg frå Miljødirektoratet) | Regulert vassdrag. Kvalitetsnorm for laks |
| Ulladalsåna nedre 035-49-R Hjelmeland, Suldal | Dårleg | Hydrologiske endringar utan minstevassføring (stor grad) | Kommunane har i 2018 stilt krav om revisjon av konsesjonsvilkår. | Regulert vassdrag. Kvalitetsnorm for laks |
| Steinslandsvatnet 035-22986-L (Hjelmeland) | God | -avrenning landbruk | Undersøkt i 2015 ⁶ . | Pri 2 |
| Husstølåna 035-7-R Hjelmeland | Svært god | Elvemusling | Undersøking av førekomsten av elvemusling i 2017. ⁷ | Elvemusling Kvalitetsnorm for laks |
| Hetlandsvatnet 035-1859-L Hjelmeland | God | Avrenning frå fulldyrka mark (middels) Diffus avrenning frå | Undersøkt i 2015 ⁸ . | Pri 2 |

³ Værøy, N. og Torgersen, P. m.fl. 2017: Overvåking av innsjøer og elver i Ryfylke og Haugalandet vannområder 2017. Cowi rapport.

⁴ Værøy, N. og Torgersen, P. m.fl. 2017: Overvåking av innsjøer og elver i Ryfylke og Haugalandet vannområder 2017. Cowi rapport.

⁵ Værøy, N. og Torgersen, P. m.fl. 2017: Overvåking av innsjøer og elver i Ryfylke og Haugalandet vannområder 2017. Cowi rapport.

⁶ Åge Molversmyr 2015: Overvåking av innsjøer i Strand og Hjelmeland kommuner i 2015. International Research Institute of Stavanger, rapport IRIS-2015/219

⁷ Sandaas, K. og Enerud, J. 2017. Utbredelse og bestandsstatus for elvemusling *Margaritifera margaritifera* i Hjelmelandsvassdraget 2017. Hjelmeland kommune, Rogaland fylke. Rapport, 14 sider.

⁸ Åge Molversmyr 2015: Overvåking av innsjøer i Strand og Hjelmeland kommuner i 2015. International Research Institute of Stavanger, rapport IRIS-2015/219

| | | | | |
|---|----------------|--|---|-------------------|
| | | spreidd busetnad (liten) Vassinntak for fiskeoppdrett (liten) | | |
| Fisteråna 035-1-R | Moderat | Dammar, barriere og sluser for anna aktivitet (stor grad) Hydrologiske endringar med minstevassføring (middels) | Undersøking av status for elvemusling. ⁹ Utført i 2013 og 2017. | Elvemusling |
| Riskadalsvatnet 033-23044-L | God | Avrenning fulldyrka mark (liten) | Tilstandsundersøkt i 2015: Endra tilstand frå moderat tilstand og låg pålitelegheit til svært god tilstand og høg pålitelegheit ¹⁰ . | Pri 2 |
| Kota 034-25-R Hjelmeland | Dårleg | Avrenning frå beite og eng | Tilstandsundersøking i 2017 ¹¹ . To prøvestasjonar, oppstrøms og nedstrøms Kotatjønn. | Pri 1 Anadrom? |
| Vatlandsvatnet, Kylevatnet og Jørstadvatnet bekkefelt 034-23-R Finnøy | Moderat Høg | Avrenning fulldyrka mark | Tilstandsundersøking i forhold til eutrofiering/organisk belastning i 2015 ¹² . To stasjonar. | Pri 1 Anadrom? |
| Bekk frå Nesheimsvatnet 034-11-R Finnøy | Svært dårleg | Avrenning frå beite og eng | Tilstandsundersøking i forhold til eutrofiering/organisk belastning i 2015 ¹³ . | Pri 1 Anadrom? |
| Halsnøy bekkefelt 034-14-R Finnøy | Dårleg | Avrenning frå beite og eng. Bekkelukking | Tilstandsundersøking i forhold til eutrofiering/organisk belastning i 2015 ¹⁴ . | Pri 1 Anadrom? |
| Kyrkjøy og Bjergøyna bekkefelt 034-16-R Finnøy | Dårleg | Avrenning frå beite og eng Bekkelukking | Tilstandsundersøking i forhold til eutrofiering/organisk belastning i 2015 ¹⁵ . To stasjonar | Pri 1 Anadrom? |
| Talgje bekkefelt 034-17-R Finnøy | Svært dårleg | Avrenning frå beite og eng Bekkelukking | Tilstandsundersøking i forhold til eutrofiering/organisk belastning i 2015 ¹⁶ . To stasjonar. | Pri 1 Anadrom? |

⁹ Kålås, S. m.fl. 2014: Undersøking av elvemusling i Fisteråna i 2013. Rådgivende biologer rapport 1866.

¹⁰ Åge Molversmyr 2015: Overvåking av innsjøer i Strand og Hjelmeland kommuner i 2015. International Research Institute of Stavanger, rapport IRIS-2015/219

¹¹ [Værøy, N. og Torgersen, P. m.fl. 2017: Overvåking av innsjøer og elver i Ryfylke og Haugalandet vannområder 2017. Cowi rapport.](#)

¹² Kaurin, M. og Langelo, G.F. 2015: Problemkartlegging i landbrukspåvirkede elver i Rogaland. Rambøll miljørapport

¹³ Kaurin, M. og Langelo, G.F. 2015: Problemkartlegging i landbrukspåvirkede elver i Rogaland. Rambøll miljørapport

¹⁴ Kaurin, M. og Langelo, G.F. 2015: Problemkartlegging i landbrukspåvirkede elver i Rogaland. Rambøll miljørapport

¹⁵ Kaurin, M. og Langelo, G.F. 2015: Problemkartlegging i landbrukspåvirkede elver i Rogaland. Rambøll miljørapport

¹⁶ Kaurin, M. og Langelo, G.F. 2015: Problemkartlegging i landbrukspåvirkede elver i Rogaland. Rambøll miljørapport

| | | | | |
|--|---------|--|---|----------------------------|
| Fogn bekkfelt 034-21-R Finnøy | Moderat | Avrenning frå beite og eng Bekkelukking | Tilstandsundersøking i forhold til eutrofiering/organisk belastning i 2015 ¹⁷ . To stasjonar. | Pri 1 Anadrom? |
| Bekk mellom Hanasand og Eltarvåg 034-29-R Rennesøy | God | Skytebane | Tilstandsundersøking i 2017 ¹⁸ . Botndyrindex gir god tilstand. Det er likevel om lag 10 gangar høgare verdiar av bly og antimon i forhold til referansebekk i aust. | Anadrom? |
| Rennesøy og Austre Åmøy bekkfelt 034-28-R Rennesøy, Stavanger | Moderat | Middels: Avløp frå spreidd busetnad Avrenning frå full- dyrka mark Bekkelukking | Tilstandsundersøking i forhold til eutrofiering/organisk belastning i 2015 ¹⁹ (1-4) og 2017 ²⁰ (5-7). Sju prøvestasjonar: 1. Bekk ved Sørbø – dårleg tilstand 2. Bekk v/Vågedal – svært dårleg 3. Bekk v/ Hodne – moderat 4. Bekk v/Dale – moderat 5. Vikekleiva – moderat 6. Asmarvikstemmen – moderat 7. Hådnafjell – dårleg | Pri 1 Dels anadrom |
| Bekkefelt Finnøy, 034-19-R Finnøy | Moderat | Middels: Avløp frå spreidd busetnad Avrenning frå fulldyrka mark Bekkelukking | Tilstandsundersøking i forhold til eutrofiering/organisk belastning i 2015 ²¹ (1-2) og i 2017 (3-7) ²² . Sju prøvestasjonar: 1. Sævheim – dårleg 2. Nådatræ – moderat 3. Reilstad Nærland – svært dårleg tilstand 4. Utløp Lauvsnesvatn -moderat tilstand 5. Utløp Haukjevattn- dårleg tilstand 6. Flesjåbekken – dårleg tilstand 7. Hesbybekken – svært dårleg tilstand | Pri 1 Dels anadrome |
| Tilløpsbekker Vostervatnet 033-116-R Strand | Moderat | Avrenning frå fulldyrka mark | Tilstandsundersøking i forhold til eutrofiering/organisk belastning i 2015 ²³ | Pri 1 |

¹⁷ Kaurin, M. og Langelo, G.F. 2015: Problemkartlegging i landbrukspåvirkede elver i Rogaland. Rambøll miljørapport

¹⁸ Værøy, N. og Torgersen, P. m.fl. 2017: Overvåking av innsjøer og elver i Ryfylke og Haugalandet vannområder 2017. Cowi rapport.

¹⁹ Kaurin, M. og Langelo, G.F. 2015: Problemkartlegging i landbrukspåvirkede elver i Rogaland. Rambøll miljørapport

²⁰ Værøy, N. og Torgersen, P. m.fl. 2017: Overvåking av innsjøer og elver i Ryfylke og Haugalandet vannområder 2017. Cowi rapport 01-2018

²¹ Kaurin, M. og Langelo, G.F. 2015: Problemkartlegging i landbrukspåvirkede elver i Rogaland. Rambøll miljørapport

²² Værøy, N. og Torgersen, P. m.fl. 2017: Overvåking av innsjøer og elver i Ryfylke og Haugalandet vannområder 2017. Cowi rapport 01-2018

²³ Kaurin, M. og Langelo, G.F. 2015: Problemkartlegging i landbrukspåvirkede elver i Rogaland. Rambøll miljørapport

| | | | | |
|---|---------|--|--|--------------------------------|
| Holtavatnet bekk 033-131-R Strand | Moderat | Avrenning frå fulldyrka mark | Tilstandsundersøking i forhold til eutrofiering/organisk belastning i 2015. ²⁴ | Pri 1 |
| Vostervatnet 033-1679-L Strand | Moderat | Liten grad: Avrenning frå fulldyrka mark Avrenning frå spreidd busetnad | Tilstandsundersøking i 2015 ²⁵ og 2016 ²⁶ . | Pri 1 Basiskartlegging? |
| Bekkefelt Tau 032-58-R | Moderat | Avrenning fulldyrka mark (middels) Avløp frå spreidd busetnad (liten) | Tilstandsundersøking i forhold til eutrofiering/organisk belastning i 2015. ²⁷ Tre stasjonar: 1. Tauåna – moderat tilstand 2. Bekk frå Nordvatnet – moderat tilstand 3. Bekk frå Kvam til Bjøreimsvatnet – god tilstand | Pri 1 |
| Erekjeret og Høletjørna 032-53-R Strand | Dårleg | Avrenning frå fulldyrka-/beitemark | Undersøkt i 2018 ²⁸ | Pri 1 |
| Bjøreimsvatnet 032-1680-L Strand | God | Avrenning frå fulldyrka mark | Undersøkt i 2015 ²⁹ . | Pri 1 |
| Nordvatnet 032-23082-L Strand | God | avrenning frå fulldyrket mark | Undersøkt i 2017 ³⁰ . | Pri 2 |
| Holtabekken 032-21-R Strand | God | Diffus avrenning frå fulldyrket mark (liten grad) | Tilstandsundersøking i forhold til eutrofiering/organisk belastning i 2015 ³¹ | Pri 2 |
| Skarbekken 032-37-R | Dårleg | Avrenning tettstad. Fiskevandringshinder | Tilstandsundersøking i forhold til eutrofiering/organisk belastning i 2017 ³² . | Pri 1 Anadrom |

²⁴ Kaurin, M. og Langelo, G.F. 2015: Problemkartlegging i landbrukspåvirkede elver i Rogaland. Rambøll miljørapport

²⁵ Schartau, A.K. m.fl. 2015: [Utprøving av system for basisovervåking i henhold til vannforskriften. Resultater for utvalgte innsjøer 2014. Rapport Miljødirektoratet M-364](#)

²⁶ Schartau, A.K. m.fl. 2017. ØKOFERSK: [Basisovervåking av utvalgte innsjøer 2016. Overvåking og klassifisering av økologisk tilstand iht vannforskriften. Rapport Miljødirektoratet M-758 | 2017, 175 s](#)

²⁷ Kaurin, M. og Langelo, G.F. 2015: Problemkartlegging i landbrukspåvirkede elver i Rogaland. Rambøll miljørapport

²⁸ Åge Molversmyr 2018: Overvåking av innsjøer i Ryfylke vannområde 2018. NORCE Rapport 2018/397

²⁹ Åge Molversmyr 2015: [Overvåking av innsjøer i Strand og Hjelmeland kommuner i 2015. International Research Institute of Stavanger, rapport IRIS-2015/219](#)

³⁰ Åge Molversmyr 2017: Overvåking av innsjøer i Strand kommune i 2017. International Research Institute of Stavanger, rapport – 2017/298.

³¹ Kaurin, M. og Langelo, G.F. 2015: Problemkartlegging i landbrukspåvirkede elver i Rogaland. Rambøll miljørapport

³² Værøy, N. og Torgersen, P. m.fl. 2017: Overvåking av innsjøer og elver i Ryfylke og Haugalandet vannområder 2017. Cowi rapport 01-2018

| | | | | |
|-------------------------------------|---------|--|---|---------------------------------|
| Fjellsåna 032-39-R | Moderat | Avløp frå spreidd busetnad. Framand art: Ørekyt | Gjennomført tilstandsundersøking i forhold til eutrofiering/organisk belastning i 2017 ³³ . | Pri 1 Anadrom |
| Strandaåna 032-55-R Strand | God | | Tilstandsundersøking i forhold til eutrofiering/organisk belastning i 2015. ³⁴ Nordlandsvatnet ble undersøkt i 2017 ³⁵ , og klassifisert til moderat økologisk tilstand. Bør skillast ut som egen vassførekomst. | Pri 1 Elvemusling Anadrom |
| Bekker i Strand til sjø 032-56-R | Moderat | Avrenning frå jordbruk | Tilstandsundersøking i forhold til eutrofiering/organisk belastning i 2015 ³⁶ Tre stasjonar: 1. Fossabekken – god tilstand 2. Brekkebeken- moderat tilstand 3. Bekk Alsvik – moderat tilstand | Pri 1 Anadrom? |
| Åsvatnet 032-23097-L Strand | God | Avrenning frå beite og eng. Ørekyt. | Tilstandsundersøking i forhold til eutrofiering/organisk belastning i 2017 ³⁷ | Pri 2 |
| Leirangbekken 032-29-R | God | Avløp spreidd busetnad (middels) Avrenning frå fulldyrka mark (middels) | Tilstandsundersøkt i 2017 ³⁸ i forhold til eutrofiering. Undersøkast for elvemusling i 2019. | Pri 1 Elvemusling Anadrom |
| Erevik 032-47-R | Moderat | Diffus avrenning frå beite og eng (liten grad Elvemusling | Undersøkast for elvemusling i 2019 | Elvemusling Anadrom |
| Espedalsåna 030-51-R | Moderat | Fysisk endring grunna anna ingeniørverksemd (middels) Sur nedbør (middels) Diffus avrenning frå beite og eng (middels) | Fast kalking via doserer i Vinddøla og Espedalselva – fortsetter | Kalka |

³³ Værøy, N. og Torgersen, P. m.fl. 2017: Overvåking av innsjøer og elver i Ryfylke og Haugalandet vannområder 2017. Cowi rapport 01-2018

³⁴ Kaurin, M. og Langelo, G.F. 2015: Problemkartlegging i landbrukspåvirkede elver i Rogaland. Rambøll miljørapport

³⁵ [Værøy, N. og Torgersen, P. m.fl. 2017: Overvåking av innsjøer og elver i Ryfylke og Haugalandet vannområder 2017. Cowi rapport.](#)

³⁶ Kaurin, M. og Langelo, G.F. 2015: Problemkartlegging i landbrukspåvirkede elver i Rogaland. Rambøll miljørapport

³⁷ [Værøy, N. og Torgersen, P. m.fl. 2017: Overvåking av innsjøer og elver i Ryfylke og Haugalandet vannområder 2017. Cowi rapport.](#)

³⁸ [Værøy, N. og Torgersen, P. m.fl. 2017: Overvåking av innsjøer og elver i Ryfylke og Haugalandet vannområder 2017. Cowi rapport.](#)

Kyst og fjord

| | Økologisk tilstand | Påverknad/ årsak | Status for overvaking | Prioritering for overvaking 2021-2027 |
|---|--------------------------------|---|--|---------------------------------------|
| Fårasundet 0242020802-C Finnøy | Moderat | Stor: -anna diffus kjelde | Undersøkt i 2004 og 2018 | Pri 1 |
| Hidlesund nord 0242020801-1-C Finnøy | Moderat | Middels: -spreidd avløp, hytter Liten: -avrenning landbruk | Planlagt tilstandsundersøking i 2018 Vidare: Kartlegging av spreidd avløp via gebyr etter sjølvkostprinsipp på sikt | Pri 1 |
| Hidlesund sør 0242020601-2-C Finnøy | Moderat | Middels: -spreidd avløp frå hytter | Ingen terskel mellom Hidlesund nord og sør, og forholdene antas derfor å være tilsvarende like. | - |
| Nådåsundet 0242020602-2-C | Dårleg | Middels: -avrenning landbruk -spreidd avløp | Undersøkt i 2018 | Pri 1 |
| Klostervågen 0242010402-C Rennesøy | Svært dårleg | Middels: -avrenning landbruk, -spreidd avløp | Undersøkt i 2017 og 2018 | Pri 1 |
| Dysjalandsvågen 0242010401-1-C | Moderat | Middels: -avrenning landbruk | Undersøkt i 2018 | Pri 1 |
| Håsteinsfjorden mot Kvitsøy 0242010101-2-C | God dårleg kjemisk tilstand | Liten: -reinseanlegg -fiskeoppdrett | Undersøkt 2012 | |
| Kvitsøyfjorden 0242010401-2-C | God dårleg kjemisk tilstand | Liten - renseanlegg | | |
| Botnefjorden 0242011102-C Strand | God | Middels grad: - Diffus avrenning frå byer/tettsteder - Punktutslipp frå industri | | Pri 2 |
| Årdalsfjord-indre 0242020501-C | Svært dårleg | Stor grad: -Diffus avrenning frå industri - Punktutslipp frå reinseanlegg 2000 PE | Undersøkt 2013 | Pri 1 |
| Bogsfjorden 0242030602-C Suldal | Moderat | Diffus avrenning frå anna landbrukskjelde (middels) | Undersøkt 2018 | Pri 1 |

| | | | | |
|-------------------------------|---------|---|----------------|-------|
| | | Diffus avrenning frå spreidd busetnad (middels) | | |
| Økstrafjorden 0242030700-C | Moderat | | Undersøkt 2018 | Pri 1 |